




KVINNHERAD
KOMMUNE



Veteranplan for Kvinnherad kommune 2020 -2030

Vedtatt i kommunestyret: 26.11.2020

Evaluert:

Veterankontakten i Kvinnherad kommune er: Hanne Dale. Ho jobbar ved NAV og har e-post: hanne.dale@kvinnherad.kommune.no

Innhald

Innleiing.....	2
1.1 Bakgrunn.....	3
1.2 Omgrep.....	3
2. Statlege føringar.....	3
3. Kunnskap om veteraner sine levekår.....	4
4. Forsvaret sitt arbeid med veteranar.....	6
5. Samarbeid rundt veteranen.....	8
5.1 NAV.....	8
5.2 Helsetenester.....	8
5.3 Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølv-mordsførebygging.....	9
6. Situasjonen i Kvinnherad kommune for veteraner.....	9
7. Kvinnherad kommune sitt mål med planen.....	10
8. Tiltaksplan.....	11
9. Liste over krigsminnesmerke i Kvinnherad.....	12

Innleiing

Kvinnherad kommune ynskjer å syne anerkjenning og ivaretaking av veteranar. I denne samanheng vert ein veteran definert som «*alle norske statsborgarar som har delteke eller deltek i fredsbevarande, fredsopp-rettande eller statsbyggjande innsats i andre land frå forsvarssektoren*».

Kommunen har gode tradisjonar gjennom markeringar den 8. mai ved å heidra innsatsen til våre krigs-veteranar frå 2. verdskrig ved minnestøttene utanfor rådhuset i Rosendal og ved minnestøtta ved Husnes Kyrkje. Ordføraren har stort sett vore deltakande ved markeringa. Elevar frå Rosendal har delteke på markeringa. I dei nye læreplanane (fagfornyinga) er demokrati eit tverrfagleg emne som skal gå inn i alle fag. Krig og fred, er ein naturleg del av dette.

Frå 2010 bestemte regjeringa at frigjeringsdagen også skal vere veterandagen, ein merkedag for veteranar frå andre verdskrig, så vel som tenestegjerande i FN-styrker og andre internasjonale operasjonar.

NVIO (Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner), avdeling Kvinnherad, har delteke i 8.mai markeringa kvart år sidan oppstarten av lokalforeininga i 2012. Dette har stort sett vore på Husnes, men ein gong også i Uskedalen.

1.1 Bakgrunn

Ivaretaking av personell frå internasjonale operasjonar er eit samfunnsansvar for alle sektorar. I regjeringa sin oppfølgingsplan frå 2011 «I teneste for Norge» som omhandlar ivaretaking av personell før, under og etter internasjonal teneste vert kommunar som har innbyggjarar som har delteke i internasjonal teneste oppmoda om å utarbeida ein kommunal handlingsplan.

Etter andre verdskrig er det 100 000 norske kvinner og menn som har delteke i internasjonale operasjonar. I perioden 1978 til 2014 deltok det 83 personar frå Kvinnherad. Dei som kjem heim frå slike oppdrag har med seg nyttig kompetanse frå utanlandsopphaldet. Nokon opplever å bli skada og kan trenge hjelp frå m.a. kommunen i si rehabilitering.

Nokre av dei som har hatt utlandsoppdrag, kan ha behov for oppfølging etterpå. Dessutan er det viktig at kommunen syner anerkjenning for det oppdrag som dei har utført, og at ein ser på veteranar som ein ressurs i samfunnet.

Norge har personell på utlandsoppdrag frå utanriks-, justis- og forsvarssektoren. Politiet bidreg med assistanse til å byggja opp att og styrka det nasjonale politiet i land som har vore i konflikt. Den militære innsatsen handlar primært om tryggleik og har ein funksjon for støtte av økonomisk utvikling, humanitær bistand og politisk stabilitet. Utanrikstenesta har både utsendt og lokalt tilsett personell som gir bistand til norske borgarar i utlandet, kriseberedskap og politiske hendingar.

1.2 Omgrep

Den nasjonale handlingsplanen og oppfølgingsplanen har som målgruppe «*alle norske statsborgere som har deltatt eller deltar i fredsbevarende, fredsopprettende eller statsbyggende innsats i andre land, fra utenriks- justis- og forsvarssektoren*».

Denne kommunale planen vil omhandla same målgruppe. Dei som har delteke frå forsvarssektoren, vert å nemna som veteranar.

2. Statlege føringar

Regjeringa laga i 2011 ein Handlingsplan – «*I teneste for Norge*». Planen hadde som mål å styrka og vidareutvikle ivaretakinga av personellet og deira familiar. Dei fleste av tiltaka i planen var tiltak som forsvaret skulle gjennomføra.

[https://forsvaret.no/tjeneste /ForsvaretDocuments/i-tjeneste-for-norge-oppfolgingsplan.pdf](https://forsvaret.no/tjeneste/ForsvaretDocuments/i-tjeneste-for-norge-oppfolgingsplan.pdf)

I denne planen står det at «*Evalueringer viser at en av de største utfordringene for personellet i dag ligger i kontakten med det sivile hjelpeapparatet*» (side 10).

Veteranane kan ha behov for tenester frå ulike instansar, NAV, Statens pensjonskasse, familievernkontor, helse- og omsorgstenester m.fl. Tenestene vert ikkje alltid opplevd som koordinerte. Dessutan gir veteranane tilbakemelding om at dei opplever at tenestene ikkje har nok kjennskap til kva dei kan ha vore igjennom og dei etterverknadar som desse hendingane kan ha gitt.

Det vert sagt i den nasjonale oppfølgingsplanen at sivil sektor skal ta eit større ansvar for å sikre at den einkilde får den hjelp og støtte som personen har krav på. Det skal bli gitt ein tettare og meir effektiv samhandling i den sivile sektoren - særleg i kommunen.

(Bilete : aftenposten)



3. Kunnskap om veteraner sine levekår



Veteranforbundet SIOPS
Skadde i internasjonale operasjoner



Forsiden
Om SIOPS
Bli medlem
I media
Filmer
Nyhetsarkiv
Veteran
Pårørende
Kontakt

Nyhetsbrev fra SIOPS



Veteranfo...
2.8 k likerlike

Lik side

Bli den første av vennene dine til å like dette

Undersøkelse om veteraners levekår

Publisert tirsdag 17. september 2013 10:42



Justisminister Grete Faremo, forsvarsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen og veteraninspektør Robert Mood mottar levekårsundersøkelsen. Foto: Forsvarets mediesenter

Den 16. september la Statistisk sentralbyrå (SSB) fram undersøkelsen "Veteraners levekår. Forsvars- og politipersonell som har deltatt i internasjonale operasjoner" der levekårene til om lag 2000 forsvars- og politiveteranar er kartlagt og sammenliknet med tilsvarende funn fra ulike levekårsundersøkelser som dekkjer heile befolkningen.

Det er gjennomført noko forskning på veteranar si helse og levekår. I 2013 laga Statistisk sentralbyrå (SSB) ein rapport om «Veteraners levekår»

<https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/artikler-og-publikasjoner/veteraners-levekaar>

Utvalet i undersøkinga frå 2013 består av personar som har tenestegjort for politiet eller forsvaret under utanlandsoppdrag. Svare er samanlikna med svare frå referansegrupper frå SSB sine ordinære levekårs-undersøkingar. Utvalet frå forsvaret består av personar som har tenestegjort i utanlandsoppdrag i perioden 1978 til 2012 og har hatt plassering i Libanon, Irak/ Gulfen, Balkan eller Afghanistan. Utvalet frå politiet består av personar som har delteke i internasjonalt arbeid frå første operasjon i Namibia i 1989 og alle operasjonar fram til 2012.

Tenestestad er ikkje avgrensa, og omfamnar difor alle land og regionar der norsk politi har delteke eller deltek på oppdrag. Dei fleste veteranane i undersøkinga er menn i alderen 25-66 år. 64 prosent av dei spurde har vore ute på eit oppdrag. Politiveteranane har vært ute på nokre fleire oppdrag i gjennomsnitt enn forsvarsveteranane.

Av dei som svare på undersøkinga, hadde 52 prosent av forsvarsveteranane vore i akutt livsfare under oppdraget. Det var 44 prosent som har sett alvorlige skader eller død blant sivile. For politiveteranane var det 36 prosent som hadde vært i akutt livsfare under oppdraget, og 56 prosent som hadde vært vitne til alvorlige skader eller død blant sivile.

Rapporten understreka at personell som har tjenestegjort i utlandet gjennomgående har god helse og stor grad av yrkesdeltaking i høve til den øvrige befolkninga. Dei fleste er heiltids yrkesaktive, har same sjukefråver som referansegruppa, og dei har høgare inntekter fordi dei har heiltidsarbeid. I høve til den fysiske og psykiske helsa er den minst like god som for referansegruppa.

Når det gjeld eigenvurdert helse, langvarig sjukdom og psykiske vanskar, er også her resultatene dei same som for referansegruppa. Dei nyttar helsetenester i same grad som referansegruppa, men brukar fastlegen noko mindre. Veteranane i undersøkinga er aktive personar, har gode sosiale nettverk og arbeidar med friviljug arbeid for organisasjonar. Dette gjeld dei fleste veteranar, men det finst og ein del som har hatt opplevingar som påverkar deira helse negativt og aukar risikoen for at dei fell ut av arbeidsmarknaden. I følgje rapporten kan god oppfølging etter tenesta hjelpe dei.

Det er gjort ei anna undersøking hos norsk militært personell som tenestegjorde i Afghanistan 2001-2011.

Undersøkinga syner førekomsten av psykiske helseproblem i ein moderne veteranpopulasjon. Rapporten konkludera med at det store fleirtalet av veteranane har god helse fire år etter avslutta teneste i Afghanistan, men 4,4 prosent av veteranane har psykiske helseplager etter dei er komen heim.

Det er funne samanheng mellom opplevd belastning under tenesta og stressplager etter heimkomst. Ein fann også at ein høgare del av veteranane hadde meir stressplager første månad etter heimkomst. For dei fleste vert dei opplevde stressplagene redusert med tida.

I Riksrevisjonens rapport 3:9 (2013-2014) har ein vurdert om veteranar frå internasjonale operasjonar får god hjelp og oppfølging, slik det er lagt til grunn i Stortinget sitt vedtak og føresetnadar.

Rapporten konkluderte med:

- Belastninga på Forsvaret sitt personell i samband med utanlandsteneste er høg
- Personellet får for kort tid heime mellom tenesteperiodar i utlandet
- Forsvaret har fått betre oversikt over enkeltpersonar si tenestegjering, men styringsinformasjonen er mangelfull
- Forsvaret si oppfølging har blitt betre, men ikkje alle har hatt like god tilgang på hjelp
- Varierende tilbod innan psykisk helse i spesialisthelsetenesta og til dels lange ventetider
- Tilrettelegginga for deltaking i arbeidslivet er mangelfull
- Behandling av erstatningssaker på grunn av psykiske belastningsskadar tar til dels lang tid
- Kompetanse om veteranar er ikkje i tilstrekkeleg grad gjort tilgjengeleg for alle deler av det sivile hjelpeapparatet

Som det tidlegare er peika på, så er det å følgja opp veteranar eit sektorovergripande arbeid og ansvar. Men veteranen bur i ein kommune og vi må difor sjå kva kommunen kan gjere for å hjelpe dei som treng hjelp etter utanlandsopphald. Dei fleste tiltak som Riksrevisjonen konkluderte med ligg utanfor kommunen sine ansvarsområde, men for nokre av dei har kommunen eit ansvar blant anna som arbeidsgjevar og når det handlar om kompetanse i våre tenester om veteranar og deira behov.

4. Forsvaret sitt arbeid med veteranar

Når personell har tenestegjort i utanlandsoppdrag pliktar Forsvaret å følgje opp personell i eitt år etter avslutta teneste (Forsvarslova § 54) Forsvaret vel ut kven som får høve til å reise ut og gir så trening før utanlandsoppdraget. Det vert og gjennomført når personellet returnerer til Norge, då får dei først ei mellomlanding i Sverige eller Danmark som ei førebuing til å kome heim. Forsvaret har ein seksjon for internasjonale operasjonar (SIO) som utøver arbeidsgivaransvaret under utanlandsopphaldet, og dei har eit eitt-årig oppfølgingsprogram etter at ein har kome heim frå utanlandsteneste.

Forsvaret har også eit tilbod til familieane til personell i utanlandsoppdrag. Ved alle tenestestader er det ein familiekoordinator som skal vere familien sin kontaktperson ved den tenestegjerande sin avdeling. Det skal gis tilbod om familiesamlingar med informasjon om oppdraget og operasjonsområdet og om kva støtte familien kan få tilbod om.

Kort oppsumert vil soldaten gå gjennom denne prosessen:

Før utreise

Familiedag: Er ei fellessamling for soldatane og deira familiar, der det blir gitt informasjon om operasjonen og sikkerhetssituasjonen. Familieane får møte andre pårørande, og får råd om korleis dei best skal ta vare på partner og barn.

Informasjonsmateriell: Forsvaret syt for at familien, soldaten og eventuelle barn får tilpassa informasjonsmateriell som omhandlar førebuing til utreise, i form av brosjyren «Reise ut» og barne- og ungdomspakken.

Under utanlandstenesta:

24-timars kontakttelefon: Pårørande kan nytta denne for å formidla viktige meldingar til dei som er ute.

Informasjonsmateriell: Brosjyren «komme heim» blir sendt til pårørande for å førebu dei på den nye kvardagen når soldaten skal venda heim etter ein operasjon i utlandet.

Etter Operasjonen:

Mellomlanding i eit opphald for dei som har tenestegjort på to-tre dagar før dei reiser heim. Her får dei debriefing, samtale med psykolog og høve til å dela erfaringar.

Medaljesermoni: utdeling av medaljar med familien til stades. Barna får også medalje «heimehelt medalje»

Helsekartlegging: tre til seks månadar etter heimkomst vil personalet få tilsendt eit helsekartleggingskjema for utfylling. Vidare vil forsvaret sin sanitetsavdeling senda eit tilsvarende skjema etter to, fire, seks og åtte år.

Avslutningssamling: Ni til tolv månadar etter heimkomst vil forsvaret invitere personellet tilbake til ei felles samling der erfaringar om heimkomsten kan delast. Psykolog vil vera tilgjengeleg for samtalar.

Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP) er eit lågterskeltilbod til veteranar som treng behandling av helseplager knytt til utanlandsteneste og Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMPS) vil tilby målretta avgrensa behandling av psykiske helseplager og vidare tilvisning til spesialistbehandling.

Ei utanlandsteneste kan vere ei påkjenning for eit parforhold. Difor vert det gitt tilbod om PREP samlivs-kurs for militært personell med partner. Desse kursa vert administrert av Modum Bad og Viken senter, og informasjon om kursa blir lagt ut på forsvaret si nettside. Det vert og gitt tilbod om oppfølgingskurs for dei par som allereie har gjennomført PREP kurset men ynskjer meir hjelp.

Det vert utbetalt eit familietillegg til personell i internasjonale operasjonar med dagleg omsorg for born under 18 år for å dekke dei meirkostnadar det er å ha dei i husstanden. Pr 1.1. 2014 var tillegget på 6000 kr uavhengig av tal born i husstanden. Det er også egne ordningar med fleire dagar fråvær tillate ved sjuke born og dekning av reiseutgifter ved behov av barnepass.

Det finst fleire ulike forsikringsordningar for dei som er i utanlandsoppdrag. Det er ein eigen erstatnings-ordning der ein får erstatning dersom ein vert påført skade eller sjukdom på grunn av teneste i internasjonalt oppdrag.

I oppfølgingsprogrammet etter heimkomsten har Forsvaret eit særleg ansvar å sikra ein god overgang til den sivile helse- og omsorgstenesta ved behov. Fastlegen er den primære kontakten for veteranen med helse spørsmål ved heimkomsten. Norsk militærmedisinsk poliklinikk og institutt for militærpsykiatri og stressmestring har særskilte tilbod for veteranar. Norsk militærmedisinsk poliklinikk i Oslo er eit lågterskeltilbod for alle veteranar før, under og etter internasjonale operasjonar som har helse spørsmål knytt til utanlandstenesta.

Her kan ein få medisinsk hjelp eller eventuelt vist til den sivile helsetenesta. Institutt for militærpsykiatri og stressmestring har ansvaret for Forsvaret sine tenester innan psykiatri og stressmestring. Kontoret er eit supplement til sivil spesialisthelseteneste. Det finst fem regionale kontor og kontoret for Vestlandet ligg i Bergen. Dei driv dels førebyggjande arbeid og dels avgrensa behandling. Dessutan er dei sakkunnige i utvelgingsteneste -, og dyktighets- og erstatningssaker. Dei har høg kompetanse i å arbeide med traume og krisearbeid.



- Forsvarets veteransenter på Bæreia (FVS) gir et velferds- og rekreasjons-tilbud for veteraner og deres pårørende.

(Foto: Forsvarets mediesenter)

Bæreia er eit rekreasjonssenter med mange ulike aktivitetar og eit tilbod frå forsvaret til alle veteranar og deira familiar som kan brukast før, under og etter eit internasjonalt oppdrag. Bæreia ligg utanfor Kongsvinger. Dei som ynskjer å dra der kan sende ein søknad direkte til Bæreia og kan få tildelt gratis opphald og reise. Senteret kan og brukast til gjensynstreff for veteranar.

Personell som har delteke i teneste i internasjonale operasjonar får ein medalje, Forsvarets operasjons-medalje. Den vert oftast gitt ved heimkomsten. Det finst fleire ulike typar medaljar som er eit synleg uttrykk for samfunnet si anerkjenning av den innsats veteranen har gjort for Norge.

5. Samarbeid rundt veteranen

5.1 NAV

Det er oppretta eit eige kompetansemiljø med tre tilsette ved NAV Elverum. I «Oppfølgingsplanen – I tjeneste for Norge» (side 25 tiltak 12) vert det sagt:

«Arbeids- og sosialdepartementet vil videreføre og videreutvikle det etablerte kompetansemiljøet i NAV Elverum til etter hvert også å omfatte sentralisert saksbehandling og beslutninger i saker som vedrører personell som har gjort internasjonal tjeneste for Norge».

NAV Elverum skal drive informasjonsverksemd og gi råd og rettleiing til andre NAV-kontor og Forsvaret.

5.2 Helsetenester

Dei som skal ut i internasjonale oppdrag blir undersøkt av forsvaret si helseteneste. Dette gjeld også under utanlandsoppdraget. Når ein kjem tilbake til Norge, så er det fastlegen som er behandlande lege. Det er i dag ikkje nokon automatikk i at journalar og undersøkingar frå forsvaret

si helseteneste vert overført til fastlegen. Det er den enkelte veteran som sjølv må informera fastlegen og be om utskrifter av tidlegare journalar og overlevere desse. Det kan medføra at mange fastlegar ikkje er klar over at pasienten har vore i utanriksteneste.

5.3 Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging

Oppfølgingsplanen har som eit delmål at «*Personellet og deres familier skal bli møtt med kunnskap og forståelse hos de tjenesteytende sektorer*». Det er etablert regionale fagnettverk i regi av Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsførebygging (RVTS) som er eit ressurscenter ved Helse Bergen. Det er etablert eit fagleg nettverk med representantar for forsvaret, NAV, Institutt for militærpsykiatri og stressmestring og brukarorganisasjonane.

6. Situasjonen i Kvinnherad kommune for veteraner

Kvinnherad kommune har relativt liten oversikt over eller kjennskap til veteraner busett i vår kommune, utover tal opplyst av Forsvaret.

NVIO (**N**orges **V**eteranforbund for **I**nternasjonale **O**perasjonar) oppretta lokalavdeling i Kvinnherad i 2012.

Laget har som målsetjing å ha møte med medlemmene minimum ein gong i månaden. Dette har vore gjennomført som møter på Peppes Pizza på Husnes, der NVIO spanderar pizzaen. I 2023 er Peppes Pizza avvikla. Dette tilbudet ligg no litt brakk, men dei har til hensikt å fortsetje med samlingar. Frivilligsentralen sine lokal kan vera eit alternativ.

To av treffa i året var tilrettelagt for at medlemmene kan ta med seg familien sin.

Dei inviterer også til årlege familieutflykter i naturen med grilling i lokalområdet.

Dei har og invitert til Radioholo på Halsnøy, museumsbesøk på Arquebus-museet, og har planar om å reisa til Meland fangeleir snarleg.

Det uformelle føremålet er i hovudsak at veteranar skal kunna møtast for kameratstøtte. Denne kontakten er p.t. Svein Rekkedal. Han kan kontaktast på denne e-postadressa:

post@kvinnherad.nvio.no

Når det gjeld eventuelle helseplager som kan grunnast i utanlandsoppdraget er det noko dei sjølv har ansvar for å opplyse om i kontakt med fastlegen. Som nemnt tidlegare i dette dokumentet er det veteranen/forelder sjølv som må opplyse barnehage/skule om at ein av foreldra er i teneste eller har vore på utanlandsoppdrag.

Kvinnherad kommune har ein veterankontakt som er knytt til det lokale NAV kontoret.

Veterankontakten heiter **Hanne Dale** og ho kan kontaktast via e-post:

hanne.dale@kvinnherad.kommune.no



FORSVARETS VETERANER

Tjeneste i internasjonale operasjoner er en naturlig del av tjenestemønsteret i Forsvaret, og det å være en veteran vil derfor være regelen heller enn unntaket for militært personell

(Bilete frå «I tjeneste for Norge – Regjeringens handlingsplan for ivaretakelse av personell før, under og etter utenlandstjeneste. Foto: Forsvarets mediesenter)

7. Kvinnherad kommune sitt mål med planen

Måla for kommunen sitt arbeid med veteranar er:

1. Kvinnherad kommune syner anerkjenning og ivaretaking av veteranar.
2. Tilsette i Kvinnherad kommune som kjem i kontakt med veteranar, har tilstrekkeleg kompetanse om veteranar sine særskilte behov.
3. Det er god koordinering av tiltaka som rettast mot veteranar og deira familiar.

Kvinnherad kommune ønskjer at anerkjenning og ivaretaking av veteranar skal dekkja det ansvar kommunen har og følge opp statlege føringar for å betra lokal samhandling og tiltak. Veteranar er i denne samanheng personell som på vegne av den norske stat har delteke i ein militær operasjon ute - både militært og sivilt personell.

Dei fleste av veteranane vil ikkje ha behov for noko særleg tilpassa helseteneste etter utanlandsoppdrag. Men for dei som treng støtte, er behovet for samordning og samarbeid mellom dei involverte partane sterkt. Det er den enkelte veteran som sjølv må sørge for å få overført helseopplysningar frå Forsvaret si helseteneste til fastlegen. Det kan og vere tilfeldig om skule/barnehage veit at barnet har ein forelder som er ute i internasjonal teneste. Det er berre

foreldre som kan gi denne informasjonen til barnehage/skulen. Samstundes er det kjent at utanlandsteneste kan skape psykososialt stress hos familien.

I følge «*Handlingsplan – I tjeneste for Norge*» vert kommunane oppmoda i sine tiltak å leggje vekt på kompetanseheving, forpliktande samarbeid mellom relevante aktørar og ivaretaking av målgrupper som har behov for ulike tilbod.

Kvinnherad kommune har ikkje oversikt over kven som er veteranar til ei kvar tid, og invitasjon til eventuelle markeringar må difor skje via annonsering i lokalavisene og på kommunen sine nettsider og i ulike sosiale media.

Kommunedirektøren vurderer at tiltaka ikkje vil medføre særleg nye kostnader, men vil påverke korleis vi i kommunen arbeider.

8. Tiltaksplan

Veterankontakt	
Nav Kvinnherad skal ha god kunnskap om kor ein kan få hjelp når ein treng det. Det skal vera minst ein person som kjenner til kva og kven som kan hjelpa innan deira område.	Kvinnherad kommune sin veterankontakt er knytt til vårt lokale NAV kontor. Ho heiter Hanne Dale og kan kontaktast på denne e-posten: hanne.dale@kvinnherad.kommune.no
Informasjon	
Eiga web-side for veteranar på Kvinnherad kommune si heimeside. Syte for at aktuelle helse- og sosialtenester kjenner til arbeidet som blir gjort for veteranar.	Ansvar: Kvinnherad kommune v/ Innbyggjarservice og veterankontakten
Anerkjenning og samarbeid mellom relevante aktørar	
Kvinnherad kommune ønskjer å syne anerkjenning til veteranar frå kommunen. Veteranar kan bli invitert til kaffi og ein samtale med ordførar ved spesielle høve.	Ansvar : Ordføraren
8. Mai arrangement med kransenedlegging ved rådhuset i Rosendal og på Husnes.	Ordføraren og kulturavdelinga. Ordføraren ynskjer å invitera deltakarane på litt mat.
Kontakt med hjelpeapparatet skal gå smidig og helsepersonellet skal ha kunnskap om kor ein skal venda seg til for spesiell oppfølging.	Ansvar: Helsesentera. Kommuneoverlegen: skal jamleg informera om planen til nye legar i kommunen.
Støtte til aktivitet	
Lokallaget NVIO har behov for ein møteplass for veteranar	Ansvar: Kvinnherad kommune v/ frivilligsentralen
Kompetanse	
Sikra jamleg kompetanseheving blant helsepersonell om utfordringar denne gruppa kan ha, mellom anna ved å gjera planen kjent i organisasjonen.	Ansvar: Kommunedirektøren og veterankontakten

9. Liste over krigsminnesmerke i Kvinnherad

Stad	Type minnesmerke	Tidsrom	Innskrift, merknad
Ølve , ved ungdomshuset	Bauta Bauta	1807 -1814 1940 -1945	Riksvåpenet. Hermennene frå Ølve 49 namn
Hatlestrand ved kyrkja og Ved ungdomshuset	Bauta Bauta	1807 -1814 1940 -1945	Riksvåpenet m/ skråhalden øks. 17 mai 1914, reist til minne om stridsmennene 1807 -1814- 24 namn. Har sett livet inn for oss i 1940 -45 i Takksemd frå bygdefolket. 4 namn
Varaldsøy v/ kyrkja/ skulen Og På gamle kyrkjegard	Bauta Bauta	1807-1814 1940-1945	Reist i 1941 til minne om landforsvaret i 1807- 1814 21 namn Eit namn
Rosendal v/ kyrkja v/ rådhuset i kyrkja v/ kyrkja	Bauta Bauta Tavle av tre Bauta	1807-1814 1940-1945 1940-1945 1940-1945	Riksvåpenet. Minne om kvinnheringar på vakt om fedrelandet 1807-1814 Takk til dei som tok del i fridomsstriden Minne om dei som gav livet i fridomsstriden 1940-45 Det er sælare å gjeva enn å taka 6 namn. Plata er festa til bautaen avduka 7 juni 2005
Uskedalen v/ungdomshuset på stemneplassen på kaien	Bauta Bauta (*sjå bilete) Plate Revolverkanon	1807-1814 1940-45 1940-1945 1940-1945	Hermennene frå Uskedalen 1807- 1814 29 namn. Ikkje namn Eit namn Bauta utan namn
Husnes I parken v/ kyrkja v/ ungdomshuset på Grønstøl	Bauta Bauta Bauta	1905 1940-1945 1807-1814	Våpenmerke 7.juni 1905 Då landet kalla gav dei alt. Reist av Husnes kyrkjelyd 1946 15 namn Hermenn fraa Husnes 17 namn
Valen v/ kyrkja	Bauta	1940-1945	Dei gav livet for vår fridom. 3 namn omkom på havet ved torpedering. Reist av bygdefolket 17 mai 1995

Stad	Type minnesmerke	Tidsrom	Innskrift, merknad
Halsnøy v/ Eid kyrkje	Bauta	1940-1945	Dei gav livet for Noreg. Reist 17 mai 1947, 2 namn
v/Høylandsbygd bedehus	Bauta	1940-1945	Dei sokk i sjø. Skal eit folk leva, må nokon kunna dø. Reist av bygdefolket 17 mai 1946
Høylandsbygd	Radioholo	1940-1945	Lyttestad radio
v/ Fjellberg kyrkje	Bauta	1807-1814 Og 1940-1945	Reist 17 mai 1914 For Norge 2 namn
Åkra	Bauta	1940-1945	Truskap til døden. Reist av folket i Åkra sokn 31.08.47, 4 namn

Kjelde: Kvinnheringar i krig 1940-1945, side 500



**Minnemarkering Uskedalen 1995
Forsvarssjef Torolf Rein avduka bautaen. Hilde Døssland med flagg.
Bilete henta frå boka *Kvinnheringar i krig 1940-1945*, av Jørgen Markhus.*

